



Moberg AS
Alverneset 24
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/713 - 16/7519

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
16.03.2016

Mellombels løyve - lagerhall - gbnr 137/469 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 153/16

Tiltakshavar: Moberg AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Saksutgreiing:

Tiltak

Søknaden gjeld nytt mellombels løyve for to år til, i påvente av at arbeidet med regulering skal fullførast.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett ved mottak 29.02.2016. Frist for handsaming er 3 veker.

Planstatus

Arealbruken i kommuneplanen er næring . Tiltaket er i samsvar med arealføremålet. Sidan det er mellombels, trengst ikkje dispensasjon frå plankravet.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.
I tillegg ligg det føre naboerklæring for plassering 1 meter frå grensa.

Plassering

av tiltaket viser i grunnkartet.

VEDTAK:

Kommunen gjev løyve mellombels løyve til for to nye år for lagerhall, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-4.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld mellombels for to år, til og med 18.03.2018.

Innan denne datoen skal tiltaket vera fjerna, og skriftleg melding og fotodokumentasjon om at det er utført, skal sendast til kommunen.

Løyve til tiltak er gjeve i medhald av plan- og bygningslova og gjev ikkje utan vidare rett til å bygga i høve til anna lovverk eller privatrettslege forhold, jf pbl § 21-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at bygget er utført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Moberg AS

Alverneset 24

5916

ISDALSTØ